

**KOMMISJONSVEDTAK****2011/EØS/71/29**

av 22. desember 2006

**om godkjenning av kriseplanar for motkjemping av munn- og klauvsjuka i medhald av rådsdirektiv 2003/85/EF(\*)***[meldt under nummeret K(2006) 6855]*

(2007/18/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Bulgaria og Romania, særleg artikkel 4 nr. 3,

med tilvising til tilmeldingsakta for Bulgaria og Romania, særleg artikkel 56,

med tilvising til rådsdirektiv 2003/85/EF av 29. september 2003 om fellesskapstiltak for å bekjempe munn- og klovsyke, om oppheving av direktiv 85/511/EØF og vedtak 89/531/EØF og 91/665/EØF, og om endring av direktiv 92/46/EØF<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 72 nr. 7, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 2003/85/EF er det fastsett kontrolltiltak som skal nyttast ved utbrot av munn- og klauvsjuka, saman med visse førebyggjande tiltak som tek sikte på å auke medvitnet hjå dei rette styresmaktene og ved driftseiningane og gjere dei betre førebudde når det gjeld denne sjukdommen. I medhald av det nemnde direktivet skal kriseplanane til medlemsstatane for motkjemping av munn- og klauvsjuka godkjennast av Kommisjonen.
- 2) Ved kommisjonsvedtak 2004/435/EF av 29. april 2004 om godkjenning av visse kriseplanar for kamp mot munn- og klauvsjuka<sup>(2)</sup> vart desse kriseplanane godkjende for Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia, og desse medlemsstatane er førde opp i lista i vedlegget til det nemnde vedtaket.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 7 av 12.1.2007, s. 36, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 132/2007 av 26. oktober 2007 om endring av visse vedlegg og protokoller til EØS-avtalen, se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 19, 10.4.2008, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEU L 306 av 22.11.2003, s. 1. Direktivet sist endra ved vedtak 2006/552/EF (TEU L 217 av 8.8.2006, s. 29).

<sup>(2)</sup> TEU L 154 av 30.4.2004, s. 56, retta ved TEU L 189 av 27.5.2004, s. 45.

3) Bulgaria og Romania vert tilmelde til Fellesskapet 1. januar 2007. Difor har Bulgaria og Romania sendt over kriseplanane sine for motkjemping av munn- og klauvsjuka til Kommisjonen for godkjenning.

4) Desse kriseplanane, som Bulgaria og Romania har endra i samsvar med dei framlegga som vart gjorde under vurderinga av planane, stettar dei kriteria som er fastsette i direktiv 2003/85/EF, og gjer det mogleg å nå dei måla som er fastsette i direktivet på det vilkåret at dei vert ajourførde jamleg og gjennomførde på ein effektiv måte, og planane bør difor godkjennast.

5) Av omsyn til klarleiken i fellesskapsregelverket bør vedtak 2004/435/EF opphevast og bytast ut med dette vedtaket.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Kriseplanane for motkjemping av munn- og klauvsjuka som Bulgaria la fram for Kommisjonen 7. november 2006, er godkjende.

*Artikkel 2*

Kriseplanane for motkjemping av munn- og klauvsjuka som Romania la fram for Kommisjonen 9. november 2006, er godkjende.

*Artikkel 3*

I vedlegget er det fastsett ei liste over medlemsstatar som har fått godkjent kriseplanane sine for motkjemping av munn- og klauvsjuka i medhald av direktiv 2003/85/EF.

*Artikkel 4*

Vedtak 2004/435/EF vert oppheva.

*Artikkel 6*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 22. desember 2006.

*Artikkel 5*

Dette vedtaket skal nyttast med atterhald for og frå den datoen då tilmeldingstraktaten for Bulgaria og Romania tek til å gjelde.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

*VEDLEGG***Liste over dei medlemsstatane som er nemnde i artikkel 3**

Kode	Stat
BG	Bulgaria
CY	Kypros
CZ	Den tsjekkiske republikken
EE	Estland
HU	Ungarn
LV	Latvia
LT	Litauen
MT	Malta
PL	Polen
RO	Romania
SI	Slovenia
SK	Slovakia